



**Rovviltutvalet for
Surnadal og Rindal**

Rovviltnemnda Region 6
c/o Statsforvalteren i Trøndelag
Postboks 2600
7734 Steinkjer

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	21/00063-12	Oddvar Mikkelsen/Tore Gjul	28.02.2023

Innspel til revisjon av forvaltningsplan for rovvilt, Region 6.

Rovviltutvalet for Surnadal og Rindal har i dialogmøte med beitenæringa og med jegerar og vidare diskusjon i utvalet kome fram til nokre innspel til revisjon av forvaltningsplana i region 6.

- Trollheimen må fortsatt vera beiteprioritert område.
- Vi ber om at det området som er dekt av prosjektet Intensiv overvåking av gaupe får eit forvaltningsprosjekt der kvotetildeling blir gjort basert på kameradokumentasjon ynglesesongen før kvotetildeling.
- Staten ved Miljødirektoratet og med SNO som utøvande, må ha ei klar rolle i uttak av overtalige jerv når lisensjakt ikkje fører fram.
- Bestandsmål for rovdyr skal vere eit mål både «oppover og nedover» slik at kvotar blir sett for å kome ned på målet når bestanden er over målsettinga.
- Det må vere betre dialog mellom beitenæringa og forvaltninga, spesielt ved at beregningsmetodikk for bestandstal og -utvikling må vere kjent for beitenæringa slik at det er gjensidig tillit mellom partane.
- Forvaltninga av jervbestanden i forvaltningsområdet for jerv i M & R må koordinerast med Oppland, og grensene for dette området må justerast i tråd med innspel frå lokale i dette området.
- Lisensjakta kan fortsett effektiviserast meir med bruk av tekniske hjelpemiddel. Det bør og vurderast å tillate bruk av feller. Bruk av laus på drevet halsande hund bør vurderast til lisensjakt.
- Det er fortsett stort behov for FKT-midlar. Vi meiner det spesielt må prioriterast meir midlar til tiltak som aukar kunnskapsgrunnlaget.
- Vi ber om at det blir gjennomført tiltak for å betre kunnskapen om utbreiinga av kongeørn i M & R og kva effekt dette har på tapstala. Vi mistenker at ørna er ein større skadegjerar enn vi hittil har dokumentert. Vi mistenker også at havørna ikkje kan avskrivast som tapsårsak.

Etter at Trollheimen vart beiteprioritert område har tapstala i dette området gått kraftig ned. I Surnadal kommune gjekk totaltapet ned frå 19,4 % til under 5 % i løpet av dei første åra etter endring av status for Trollheimen. Sidan har totaltapa variert frå 4-talet til så vidt over 7 % og fleire unge bønder har investert i sauehaldet og det er eit godt miljø i sauenæringa. Tilsvarende utvikling har ein

Postadresse
Rovviltutvalet for Surnadal og Rindal
v/Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL

Telefon
71 65 58 00
E-post: post@surnadal.kommune.no

Org.nr
964 981 892

sett i dei andre kommunane som omkransar Trollheimen. Vi meiner derfor det er heilt avgjerande at Trollheimen beheld status som beiteprioritert område. Verneformålet for Trollheimen Landskapsvernområde er avhengig av tilstrekkelege beitetrykk. Tap til jerv vil derfor redusere moglegheita for å oppnå verneformålet. Staten legg og føringar for at det ikkje skal skje endringar i forvaltninga av jerv som medfører auka risiko for tap av tamrein. Tamreindrifta i Trollheimen er difor eit argument for å oppretthalde status som beiteprioritert område.

Det har dei siste to åra pågått eit prosjekt med intensiv overvaking av gaupe på Nordmøre i regi av NINA og finansiert av Rovviltnemnda. Det er sett opp to og to kamera med mål om å få bilete av begge sider av kroppen av flest mogleg gauper slik at målet er å vurdere om prikkmønstergjenkjenning kan brukast som metode i bestandsovervaking ned på individnivå. Så langt har prosjektet lukkast i å få god dialog med lokale jegerar og beitebrukarar, det har lukkast å få gode bilete av mange gauper. Lokale krefter lukkast i å identifisere gaupene like godt som forskarane frå Sveits og Austerrike som NINA hadde bedt om å bidra i prosjektet. Vi ser og at bestandsanslag basert på kameraovervaking stemmer godt overens med tradisjonell metodikk, men med den observasjonen at i Tingvoll er avstanden mellom ynglande hoer mindre enn det som tradisjonell metode legg til grunn. Klimaendringar verkar å bidra til at tradisjonell metode med sporing av gaupe på snø blir ein stadig meir ueigna metode for bestandsvurdering. Bruk av kamera tvingar seg derfor fram som den beste metoden.

Vi ber om at prosjektet blir vidareført i fem år og at det blir utvida til å bli eit forvaltningsprosjekt etter følgande modell:

Lokale ekspertar på prikkmønstergjenkjenning får tilgang til NINA sine kamera i viktige tidsperiodar: Nært opp til kvotefastsetting og rett før jaktstart. To personar nord for Stangvikfjorden og to sør for fjorden som vi vil namngi når dette skal konkretiserast får tilgang til bileta. Før kvotefastsetting avgir desse ein rapport til NINA om kva dei meiner er bestanden. NINA får dette til vurdering og bekreftar overfor Rovviltnemnda. Nemnda set ein kvote basert på tapstal, totalbestanden i regionen og den lokale bestanden. Når denne kvoten er sett må dette området behalde sin kvote uavhengig av avskytinga i resten av regionen slik at jegerane får tid og ro til å jakte målretta, og ikkje stresse med å ta ut første og beste dyr første jakt dag. Som eksempel gjekk jegerane 1. februar i år ut etter å ha fått bilete av eit dyr som var identifisert som ei hanngaupe. Hadde ikkje jakta vorte stoppa pga. overskyting kunne dei tatt ut denne og deretter målretta kunne gå etter ungdyr eller årets ungar og til slutt ei vaksen hogaupe. I prosjektet ser vi for oss at ein set eit bestandsmål for området, og at ein gjennom målretta jakt basert på ferskast moglege tal kan halde bestanden stabil. I Surnadal ser vi no døme på at jakt har bidrege til å redusere ein bestand som var i nedgang. Vi hadde 11 gauper på det meste og etter to år med kvote på 2 og 3 dyr som vart tatt ut og kombinert med utvandring og anna typar avgang hadde vi sist sommar truleg berre ein vaksen hann. Åra før auka bestanden og vi hadde ikkje nok kvote til å halde igjen veksten. No har innvandring ført til at vi antar at vi kan få to ynglingar att neste sommar. I eit slikt prosjekt vil vi kunne vurdere om det er mogleg å forvalte gaupebestanden meir nøyaktig.

Kostnaden vil ikkje vere stor. Kamera er allereie plassert ut og kostnaden vil vere godtgjersle til folk som samlar inn brikkar og bytter batteri, samt batterikostnaden. Noko tidsbruk til møter mellom lokale krefter og NINA vil kome i tillegg.

Vi ber om at rovviltnemnda vurderer om eit slikt prosjekt kan bidra til å auke kunnskapen om gaupa sitt levevis og korleis terrengmessige forskjellar og byttedyrtilgang påverkar arealbruken og korleis migrasjon påverkar bestandsvariasjonar.

I tillegg ber vi om at det blir radiomerka eller GPS-merka ei vaksen hogaupe i ytre del av Tingvoll kommune. Slik at ein kan studere kva for område ei ynglande gaupe brukar i byttedyrtette fjordlandskap. Dette kan da resultere i ny gradering i avstandskriteria.

Mvh

Oddvar Mikkelsen
Leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.